



## Vedtekter og ordensreglar for ungdomskveld i Utgard:

### Vedtekter:

1. I Lom kommune har vi ungdomsklubb i Utgard fleirbrukshus, noko som gjev unge tilbod kvar onsdag kl 1900-2100.
2. Ungdomsklubben skal gje fritidstilbod til ungdom i kommunen på kveldstid.
3. Ungdomsklubben skal være rusfri, samt vera eit trygt og godt fritidstilbod til ungdomane i dei aktuelle aldersgruppene.
4. Ungdomsklubben er open for de som går i 8. klasse til og med 10. klasse.
5. Ungdomsklubben gjev gratis klubbtid for alle i målgruppa.
6. Ungdomsklubb har påmelding til kvar kveld slik at ansvarlege veit kor mange brukarar som er venta til kvar gong.
7. Lom kommune har ein klubbleiar, som i varetek klubbens drift og tilbod.
8. Alle har ansvar for å melde frå om dei opp dagar noko som ikkje er i tråd med reglane.
9. Det er utarbeidd egne smittevernreglar som skal gjelde så lenge det er behov grunna korona.

### Ordensreglar for klubbkveldar:

1. Rusmidlar: Det er forbode å nyte alkohol eller andre rusmidlar, eller vise seg påverka av alkohol eller andre rusmidlar, både i og utanfor klubbens lokalar. Dersom dette skjer blir ein utvist i 2 månadar. To utvisingar i løpet av eit halvår vil føre til utvising 6 månadar.
2. Hærverk: Brukarane skal ta godt vare på klubbens eigedelar, være behjelpelige med vedlikehald og reparasjonar dersom ein øydeleggjar noko vilje ,eller som følgje av uvorden bruk, må ein sjølv erstatte dette. Gjer ein hærverk med overlegg, blir ein utvist i 2 månadar. To utvisingar i løpet av eit halvår vil føre til utvising 6 månadar.
3. Røyking: Det er forbode å røyke både i og utanfor klubbens lokalar. Dersom dette skjer blir ein utvist i 2 månadar. To utvisingar i løpet av eit halvår vil føre til utvising 6 månadar.
4. Søppel: Alle brukarar har ansvaret for at klubbdrifta ikkje fører til at søppel blir kasta i og utanfor klubbens lokalar, men at søppelkasser blir nytta.
5. Rydding: Brukarane har ansvar for dette samen med tilsette og vakter. Ryddegrupper kan bli sett samen.
6. Psykososiale tilhøve: Alle har ansvar for att alle brukarar, tilsette og vakter har det bra, og er inkluderte og integrerte i klubbens sosiale miljø.
7. Samarbeid: Brukarane skal vise vilje til samarbeid med tilsette og vakter.
8. Spel om pengar: Spel om pengar er forbode.
9. Brot på reglane: Vil bli rapportert til heimen.